
Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: fredag 14. august 2020 16:24
Til: 'Øystein Austrheim'; 'Ronny Larsen'; 'Tore Myklebusthaug'
Kopi: Rolf Henning Myrmel
Vedlegg: Informasjon om avløpssituasjonen i området og forslag til(189121).docx

Synfarringsrapport fredag den 14.08.2020 – Fønnes

Til stades: Elly Myklebust, Tore Myklebusthaug, Ronny Larsen, Øystein Austrheim og Asbjørn Nagell Toft

Konklusjon:

Ført var det orientering frå alle og informasjonsutveksling. Så vart det halde synfaring i vassiget som går ned to stadar mot nausta i nord. Etterpå vart det halde synfaring i vassiget/bekk i vika rett sør.

Det var ikkje synleg forureining i området frå noko avløp. Det var heller ikkje kloakkluft på/frå vassig/sumpar i området. Det var positivt. Utsleppet som truleg då går ut i sjøen vart ikkje fastlagt. Det er lagt leidningar ut i sjøen fortalde Elly frå hennar slamavskiljar. Det fortalde Ronny Larsen og om sitt utslepp.

Austrheim kommune informerte om at det som er av godkjente private kloakkanlegg i området er av ein eldre dato. I dag er det krav om 4 kubikkstankar frå hus/hytte. Gamle betongseptiktankar og eldre sjøleidningar i slike område vert etterkvart redusert/øydelt av tid og tann. Det er ei tid for alt.

For tilstrekkeleg fortynning og innlagring av avløpsvatnet må utsleppsdjup som hovudregel vera større enn 10 meter for utslepp og minimum 100 meter frå ålmenn nytta badeplass. Difor skreiv og kommunen i eige skriv til de som er grunneigarar her den 07.08.2020 at avløpsanlegga i området her ikkje var tilfredstillande. Det er særleg coliebakteriar kommunen er redd for i forhold til folk som nyttar sjøområda i nærområdet til rekreasjon. Dersom avløpsanlegg lek på land kan det og føra til uønska hendingar for folk som oppheld seg i strandsona her.

Austrheim kommune ynskjer såleis at de som er grunneigarar her startar prosessen med å få dykkar avløpsanlegg knytta til den nye kommunale kumma på eigedommen til Øystein Austrheim i sør. Me vonar på ein god prosess framover her og ei friviljug løysing her. Etterkvart vil me prøva å få fleire bustadhus/hytter i Nordre Fønnesvågen inn på det kommunale avløpssystemet. Då får me alle utslepp ut i Fensfjorden og ut av Nordre-Fønnesvågen. Det er difor fint om de planlegg slik at fleire hus på sikt kan knytast på eit nytt privat anlegg som går til den nye kommunale kumma her. Kommunen viste elles til tidlegare skriv sendt den 07.08.2020. Kommunen la til grunn at alle hadde fått dette skrivet tidlegare i veka, men det kom ikkje før i dag opplyste deltakarane på møtet om. Austrheim kommune beklaga den seine postgangen som skal gå elektronisk og raskt fram til mottakar.

Kommunen vil takka for ei fin synfaring og set pris på om nokon vidare sender denne e-posten til Elly Myklebust, eller gir meg hennar e-postadresse.

Mvh.

Asbjørn Nagell Toft

avdelingsleiar